



Fleire lære plassar i Sogn - referat frå partnerskapsmøte

Møtedato og stad: 3.5.2018, Balestrand

Deltakarar:

LO Sogn og Fjordane: Distriktssekretær Nils P. Støyva

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Fylkesdirektør Bekka Skaasheim

Sogn regionråd: Ordførarane Jan Geir Solheim (leiar), Noralv Distad, Harald N. Offerdal, Petter Sortland Jon Håkon Odd, Ivar Kvalen, Jarle Aarvoll, Olav Turvoll, Sandra Opheim (vara) og dagleg leiar Karina Nerland (referent).

Forfall: NHO Vestlandet, regiondirektør Tom Knudsen

1. Stoda no - kva er status i høve tiltaka og samarbeidsområda i partnerskapsavtalen?

- Avtalen inngått for to år sidan – har det hatt nokon effekt at vi har ein avale?
- Formålet er å få auka tal lære plassar i Sogn og sikra rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv
- Luster kommune satsar på lærlingar som rekrutteringsstrategi og delte sine erfaringar
- Kommunane har 58 lærlingar som er tett opp til måltalet med 2 lærlingar pr tusen innbyggjar
- Fylkeskommunen viser til at tala er vesentleg betre enn for 2 år sidan
- HAFS-regionen har inngått tilsvarende partnerskapsavtale
- Meir politisk og administrativ fokus har effekt
- Partnerskapsavtalen er ein god måte å få fram behov og få til god samordning
- Større merksemd om fagopplæring no enn kort tid tilbake
- LO jobba mot nettverk, bedrifter og kommunar /regionar i fylket for fleire lære plassar
- Den enkelte skule har eit større ansvar til å formidla søkjarane til ei bedrift
- Arbeidslivskontakten etablerer kontakten mellom lærling og verksemdene
- Gode tilbakemeldingar på Sogn opplæringskontor sitt arbeid for å få fleire bedrifter til å ta inn lærlingar
- Det manglar lære plassar innan produksjonsteknikk og innan elektro
- Nokre søkjarar er vanskeleg å formidla
- 19 stod utan lære plass i fjor haust
- Byggebransjen tek alle – opplæringskontora jobbar godt
- Nedgang på søknad til industriteknologi, og kjemi og prosessfag der Årdal har fylkeslinje
- Stort behov for kokkar i reiselivet, likevel få søkjarar til mat- og restaurantfaget i Sogndal - er ein nasjonal trend.
- Linjer kan bli lagt ned om det manglar søkjarar, fylkeskommunen jobbar for rett dimensjonering av plassar
- 55 prosent søkte på yrkesfag i år derfor behov for fleire lære plassar

2. Kva er viktig framover? Kva bør prioriterast framover med utgangspunkt i avtalen?

- Næringslivet manglar tilgang på faglært arbeidskraft - er ein grunn for at dei ikkje får meir verdiskaping
- Først og fremst må bransjen sjølv rekruttera lærlingar
- God søknad på helse og oppvekst - om 2 år er det fleire som søkjar læreplass
- Kan vi bli enno flinkare til å rekruttera fleire innan yrkesfag og skaffa fleire læreplassar?
- Kan regionrådet drøfta fellestiltak/prosjekt for å få fleire søkjarar til faga som manglar søkjarar og som arbeidslivet har behov for?
- Informera ungdommane om moglegheitene som fagopplæring gir og arbeidslivet sitt behov for fagarbeidarar
- Kommunane har viktig verktøy – utdanningsval og arbeidslivsfag – oppmode om at dei bruker det aktivt. Gode erfaringar i Førde kommune
- Partane samde om å vidarføra avtalen frå 2019
- Forankre partnarskapsavtalen politisk i kommunane til dømes i formannskapet. Rådmannsgruppa blir bedne om å førebu dette og vurderer om måltal i avtalen kan aukast
- Partnarskapen kan delta i politiske møte om ønskeleg.